Sikkerheit

Individuell oppgåve

Oppgåve 1: Skriv rett fagord til rett forklaring.

beredskap	vektar	rømingsveg
konsekvens	risikoanalyse	innbrot
tilgangskontroll	evakuering	sannsynlegheit

1. Ein _____ er når du kartlegg kva som kan gå gale, kor sannsynleg det er og kor alvorleg det kan bli.
2. _____ er kor stor sjanse det er for at noko skal skje.
3. Ein _____ er det som skjer som eit resultat av ei hending.
4. _____ er når du sjekkar kven som får kome inn i ein bygning eller eit område.
5. Ein _____ er ein person som jobbar med å passe på bygningar, område og menneske.

6. Eit _____ er når nokon tek seg inn i ein bygning utan lov for å stele eller gjere skade.
7. _____ er når alle må forlate ein bygning eller eit område fordi det er farleg å vere der.
8. Ein _____ er ein veg ut av bygningen som skal brukast ved brann eller fare.
9. _____ er å førebu seg og planlegge korleis ein skal handtere uønskte hendingar.

Oppgåve 2: Set strek mellom rett fagord og bilete.



kameraovervaking



patrulje



branntrekanten



røykvarslar



brannsløkkingsapparat



møtestad



hjartestartar



naudnummer

Oppgåve 3: Skriv forklaringa.

a) Finn fagordet «sikkerheitstiltak».
Skriv forklaringa.



b) Finn fagordet «trusselbilete».
Skriv forklaringa.



c) Finn fagordet «beredskapsplan».
Skriv forklaringa.



d) Finn fagordet «konflikthandtering».
Skriv forklaringa.



e) Finn eit fagord du ikkje kan frå før.
Skriv forklaringa.

Oppgåve 4: Skriv ein tekst.

- Du skal skrive ein tekst på 150-300 ord.
- Du skal bruke 10 fagord eller fleire.
- Vel oppgåve a) eller b).

a) Du jobbar i resepsjonen på eit hotell, og det byrjar å brenne på kjøkkenet. Kva gjer du for å varsle, få gjestene trygt ut og hjelpe viss nokon er skadde? Korleis kan hotellet førebu seg på slike hendingar?

Døme på fagord som du kan bruke:

brannøving, røykvarslar, brannsløkkingsapparat, evakuering, rømingsveg, møtestad, naudnummer, skadestad, livreddande førstehjelp, HLR, hjartestartar, beredskapsplan



Du kan òg bruke andre viktige fagord frå KLAR app:
risikoanalyse, sannsynlegheit, konsekvens, trusselbilete, beredskap, nødsituasjon, innbrot, patrulje

b) Du jobbar i ein butikk på eit kjøpesenter. Ein kunde blir sint og trugande, og butikken har hatt mange tjuveri i det siste. Korleis vil du handtere kunden, og kva sikkerheitstiltak kan butikken setje i gang?

Døme på fagord som du kan bruke:

konfliktsituasjon, konflikthandtering, utfordrande åtferd, trussel, vald, tjuveri, sikkerheitstiltak, kameraovervaking, tilgangskontroll, vektar, risikovurdering